



SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRE
Org.nr. 937 899 785

Offentleggjøring av sentral risikoinformasjon
Basel II - Pilar 3

2016

Talgrunnlag per 30.06./31.12.16

Innhold

1. BASEL II - KAPITALDEKNINGSREGLAR	3
1.1 INNLEIING	3
1.2 PILAR 1.....	3
1.3 PILAR 2.....	3
1.4 PILAR 3.....	3
2. RISIKO- OG KAPITALSTYRING	4
2.1 FØREMÅL.....	4
2.2 RISIKOOMRÅDE	4
2.3 PROSESS FOR RISIKO- OG KAPITALSTYRING	5
3. BEREKNING AV KAPITALDEKNING (PILAR 1)	6
3.1 KONSOLIDERING	6
3.2 ANSVARLEG KAPITAL/KAPITALDEKNING – KONSOLIDERT (I HEILE 1.000 KR):	6
3.3 KREDITTRISIKO.....	7
3.4 OPERASJONELL RISIKO	8
3.5 MARKNADSRISIKO	8
4. VURDERING AV KAPITALBEHOV (PILAR 2)	9
4.1 INNLEIING.....	9
4.2 KAPITALBEHOV/-BEREGNINGER.....	9
4.3 METODEVALG FOR RISIKOVURDERING	9
4.4 KREDITTRISIKO.....	9
4.5 MARKNADSRISIKO	10
4.6 OPERASJONELL RISIKO.....	11
4.7 RISIKO FOR OVERDREVEN GJELDSOPPBYGGING	11
4.8 RISIKO KNYTTET TIL PENSJONSFORPLIKTELSER.....	11
4.9 SYSTEMRISIKO	12
4.10 LIKVIDITETS-/FINANSIERINGSRISIKO (ILAAP)	12
4.11 FORRETNINGSRISIKO	13
4.12 OMDØMMERISIKO	13
4.13 EIGARRISIKO	13
5. SAMANLIKNING AV REGULATORISK OG ØKONOMISK KAPITALBEHOV	14

1. BASEL II - KAPITALDEKNINGSREGLAR

1.1 Innleiing

Nye krav til finansinstitusjonane si berekning av kapitaldekning, Basel II, blei innført i Noreg frå 1. januar 2007. Føremålet med det nye kapitaldekningsregelverket er å styrke stabiliteten i det finansielle systemet gjennom:

- * meir risikosensitivt kapitalkrav
- * betre risikostyring og kontroll
- * tettare tilsyn
- * meir informasjon til marknaden

SpareBank 1 Søre Sunnmøre rapporterte kapitaldekning og lcaap til Finanstilsynet etter dei retningslinjer og oppfordringar som vi vert pålagde.

1.2 Pilar 1

Pilar 1 omhandlar minstekrav til kapitaldekning og er ei vidareutvikling av det tidlegare kapitaldekningsregelverket, Basel I. Det er endringar i regelverket for kva som kan reknast som ansvarleg kapital og samansetninga av denne. Dei store endringane gjeld berekninga av kapitalkravet for kredittrisiko og introduksjonen av eit eksplisitt kapitalkrav for operasjonell risiko. Nye myndigheitskrav til kapitaldekning er under innfasing, og banken har fokus på å tilpasse seg desse krava.

1.3 Pilar 2

Pilar 2 er basert på to hovudprinsipp. Bankane skal ha ein prosess for å vurdere sin totale kapital sett opp mot risikoprofil og ein strategi for å oppretthalde sitt kapitalnivå. I tillegg skal tilsynsmyndigheitene gjennomgå og evaluere bankanes interne vurdering av kapitalbehov og strategiar, og overvake og sikre etterleving av dei kapitalkrava styresmaktene har sett. Tilsynet har myndigheit til å sette i verk passande tilsynsmessige tiltak om det ikkje er tilfreds med resultatata av denne prosessen.

1.4 Pilar 3

Føremålet med pilar 3 er å supplere minimumskrava i Pilar 1 og den tilsynsmessige oppfølginga i Pilar 2. Pilar 3 skal bidra til auka marknadsdisiplin gjennom krav til offentleggjering av informasjon som gjer det mogeleg for marknaden; analytikarar og investorar, å vurdere institusjonens risikoprofil og kapitalisering, og styring og kontroll. Krava til offentleggjering vert spesielt viktig når det for bankane er mogeleg å nytte eigne system og metodar for å rekne kapitalkravet.

2. RISIKO- OG KAPITALSTYRING

2.1 Føremål

Styring av risiko og kapitalanvendelse er eit sentralt verkemiddel for å nå bankens målsetjingar slik dei er nedfelt i bankens forretningsstrategi. Konsernets lønnsemd og mulighetene til å nå desse målsetjingane overfor m.a. tilsette og samfunnet, er avhengig av evna til å identifisere, måle, styre og prise dei risikoane som ligg i å tilby finansielle produkt og tenester. Risikostyringa skal sikre finansiell stabilitet og forsvarleg formuesforvaltning.

Konsernet har ein moderat risikoprofil. Konsernet har ei målsetjing om å minimum oppretthalde noverande rating (A-) for å kunne sikre ein langsiktig god tilgang på innlån frå kapitalmarknaden.

2.2 Risikoområde

Det har vore ein prosess gjennom året i leiing og styre mht. vurdering av nye risikoområder som evt. banken burde ta hensyn til i samband med lcaap-berekingen. Det er også vurdert om nokre risikogrupper ikkje lenger er aktuelle. Banken har i all hovedsak same inndeling i risikogrupper og definert same risikoar som tidligare år, men har spesifikt vurdert dei risikotyper som er beskreve i Finanstilsynets rundskriv 9/2015 og 12/2016.

1. Kredittrisiko
 - a) Kreditt- og motpartsrisiko
 - b) Konsentrasjonsrisiko – enkelt næringar
 - c) Konsentrasjonsrisiko – enkelt engasjement
 - d) Konsentrasjonsrisiko – geografi
 - e) Andre risikoar knytt til kredittporteføljen
 - o Avvikande høy utlånsvekst
 - o Avvikande porteføljekvalitet i BM
 - o Kredittrisiko for ubenyttta kredittrammer med 0 % i konverteringsfaktor
2. Marknadsrisiko
 - a. Aksjekursrisiko
 - b. Eigendomspriserisiko
 - c. Renterisiko
 - d. Spreadrisiko
 - e. Valutarisiko
3. Operasjonell risiko
4. Risiko knytt til pensjonsforpliktingar
5. Risiko for overdreven gjeldsoppbygging
6. Systemrisiko
7. Øvrige risikoar
 - a. Likviditets- og finansieringsrisiko
 - b. Forretningsrisiko
 - c. Eigarrisiko
 - d. Omdømmerisiko
 - e. Strategirisiko
 - f. Forsikringsrisiko
 - g. Risiko forbundet med overføring eller pantsettelse av aktiva

2.3 Prosess for risiko- og kapitalstyring

Overordna strategi

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har ein revisjon av den overordna strategien jamleg, og minimum ein gong i året. Dette omfattar ein gjennomgang av endringar i rammevilkår som m.a. konkurransesituasjonen, krav frå offentlege styresmakter, endring i kundeadferd og krav til kompetanse og organisering. I strategiprosessen vert det lagt vekt på å involvere alle tilsette, for å skape aksept for strategien slik at endringstiltak verkeleg kan gjennomførast. Resultatet av denne strategiprosessen er nedfelt i dokumentet "Mål og strategi for SpareBank 1 Søre Sunnmøre 2014-2016". Mål og strategidokumentet er å sjå på som ein del av bankens samla styringsdokument, m.a. i forhold til "Internal Governance" og Basel II. Vidare har banken ei rekkje overordna dokument på ulike område som jamleg vert revidert, minimum ein gong i året.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har overordna dokument/retningsliner knytta til risiko- og kapitalstyring som inneheld spesifikasjon av grenseverdiar/måltal sett av styret om kva som skal rapporterast til styret og kor ofte. Administrasjonen utarbeidar eigne nøkkeltalsrapportar månadleg/kvartalsvis som viser utvikling mot vedtekne måltal.

Prosess for vurdering av samla kapitalbehov

Økonomi- og finansavdelinga administrerar og gjennomfører berekninga av kapitalbehov. Bankens leiargruppe og styre vert løpande orientert og involvert i dette arbeidet.

Utgangspunktet for seinare berekning av kapitalbehov og informasjonen i Pilar 3 byggjer vidare på dei berekningsmåtane og konklusjonane som vart godkjende i dei lcaap-prosessane som har vore gjennomført, samt oppdatering der det er hensiktmessig med tal per 31.12.16.

Risiko- og kapitalstyring

Proessen for risikoidentifikasjon dekkjer alle vesentlege risikoområde til konsernet. Proessen vert gjennomført som ein integrert del av konsernets strategi- og budsjettprosess. Det vert gjennomført ulike analysar av risikoane som er identifiserte for å forstå risikoens eigenskapar med tilhøyrande årsaksmekanismar. Alle vesentlege risikoar er i den utstrekning det er mogeleg kvantifisert gjennom forventa tap og behovet for økonomisk kapital. Kvantifisering skal vere basert på kjende og forsvarlege metodar og framgangsmetodar for måling av risiko.

Bankens kapitaldekningsmål skal sikre tilstrekkeleg kapital til å oppfylle krav frå styresmaktene sett opp mot kapitaldekninga, og styret har vedteke ein overordna beredskapsplan for kapitalstyring som har som føremål og synleggjere leiinga og styret sin strategi for å avverje fallande kapitaldekning.

I Mål og Strategidokumentet for perioden 2016-2018 har styret vedteke følgjande krav til kapitaldekning og rein kjernekapital:

	31.12.2016	31.12.2017	31.12.2018
Kapitaldekning	> 18,0 %	> 18,5 %	> 18,5 %
Rein Kjernekapital	> 15,0 %	>15,0 %	> 15,0 %

Rapportering/oppfølging/compliance

Eit viktig element i ei effektiv risikostyring er overvaking av den løpande risikoeksponeringa. Alle leiarar er ansvarlege for den daglege risikostyringa innanfor sitt ansvarsområde, og dei skal til ei kvar tid sjå til at risikoeksponeringa er innanfor dei rammer som er vedtekne av styret eller administrerande direktør.

Konsernets overordna risikoeksponering og risikoutvikling vert fylgt opp gjennom periodiske risikorapportar til administrasjon og styre. Konsernet ønskjer å ha gode prosessar for å sikre compliance (etterleving) av gjeldande lover og forskrifter.

3. BEREKNING AV KAPITALDEKNING (PILAR 1)

3.1. Konsolidering

Tabellen nedanfor viser skilnaden i konsolideringsgrunnlag etter rekneskapsreglane og ved konsolidering for kapitaldekningsformål.

Dotterselskap	Eigar- andel	Rekneskaps- formål	Kapitaldeknings- formål
Eiksundregionen Eigedom AS	100 %	Full konsolidering	Full konsolidering
Hotell Ivar Aasen AS	100 %	Full konsolidering	Full konsolidering

Tilknytt selskap/ felleskontrollert verksemd	Eigar- andel	Rekneskapsformål	Kapitaldeknings- formål
Samarbeidande Sparebanker AS	7,82 %	Eigenkapitalmetoden	Forholdsmessig konsolidert
Samarbeidande Sparebanker Bankinvest AS	4,63 %	Eigenkapitalmetoden	Forholdsmessig konsolidert

Heleigde dotterselskap skal ha ein tilfredsstillande kapitalisering, og det er ikkje lagt begrensningar på styret si moglegheit til å overføre kapital mellom morbanken og dotterselskapa utover det som følgjer av regulatoriske og andre lovbestemte begrensningar. Det ligg heller ikkje føre vedtektsbestemmelser som gir denne type begrensning.

Investeringane i tilnytt selskap/felleskontrollert verksemd er av strategisk betydning knytte til samarbeidet i SpareBank1 Alliansen, eller strategisk betydning knytt til lokal verksemd.

3.2 Ansvarleg kapital/kapitaldekning – konsolidert (i heile 1.000 kr):

Ansvarleg kapital	31.12.2016	31.12.2015
Sparebankens fond	10.000	691.870
Gåvefond	0	10.000
Fond for urealiserte gevinstar	83.269	87.962
Hybridkapital	50.000	
Konsolidert eigenkapital tilknytt selskap	0	0
Anna eigenkapital	-5.897	-17.075
Sum eigenkapital	137.372	772.757
Andre frådrag	521.768	-860
Frådrag ansvarleg kapital i andre kredittinstitusjonar	-305.003	-274.372
Frådrag annen kjernekapital	-50.000	
Overgangsregler	119.926	151.740
Sum rein kjernekapital	424.063	649.265
Fondsobligasjon	50.000	50.000
Frådrag ansvarleg kapital i andre kredittinstitusjonar	-50.000	-50.000
Sum kjernekapital	424.063	649.265
Tilleggskapital utover kjernekapital		
Tidsavgrensa ansvarleg kapital	150.000	150.000
Behaldning tilleggskapital i andre selskap i finansiell e	-18.939	-15.685
Frådrag ansvarleg kapital i andre kredittinstitusjonar	-52.075	-62.883
Sum tilleggskapital	78.986	71.432
Netto ansvarleg kapital	503.049	720.697

Kapitaldekning	16,92 %	15,79 %
Kjernekapital	15,11 %	14,22 %
Rein kjernekapital	15,11 %	14,22 %

Banken nyttar standardmetoden ved berekning av det regulatoriske kapitalkravet for kredittrisiko, og basismetoden ved berekning av kapitalbehov for operasjonell risiko.

3.3 Kredittrisiko

Styring og kontroll

Kredittrisikoen vert styrt gjennom konsernets overordna strategi der kredittpolicy og rammer for overordna porteføljestyling er fastlagt. Bevilgningsreglement og den daglege kredittvurderinga på alle nivå gjenspeglar desse. Retningsliner for kredittstyring og bevilgningsreglementet vert revidert minimum ein gong i året av styret. Retningslinene for kredittstyring fokuserer på kredittrisiko på eit overordna nivå, og organisering av kredittarbeidet, prinsipp for engasjementsoppfølging, målemetodar, rapportering og overvaking av dette kredittarbeidet.

Sentralt i bankens kredittvurderingsprosess står risikoklassifiseringssystemet PorTo. Dette systemet er basert på avanserte risikomodellar, og er under kontinuerleg vidareutvikling og testing av Kompetansesenter for Kreditt, SpareBank 1. Den risikomessige utviklinga i porteføljen vert fylgt opp månadleg, med særleg vekt på utviklinga i risikoklassifisering (migring), forventa tap, økonomisk kapital og risikojustert avkastning.

Porteføljeinformasjon

Grunnlagsdata for berekning av kapitalkrav (8%) for kredittrisiko fordelt på engasjement per 31.12.16 (i heile 1.000 kr):

Risikovegd berekningsgrunnlag	31.12.2016	31.12.2015
Statar og sentralbankar	0	0
Lokale og regionale styresmakter	2.000	0
Offentleg eigde foretak	0	0
Institusjonar	80.514	72.104
Foretak	1.064.849	1.257.026
Massemarknadsengasjement	3.583	3.993
Pant i fast eigedom	2.380.373	2.330.358
Forfalne engasjement	55.861	55.492
Obligasjonar med fortrinnsrett	14.046	21.522
Andelar i verdipapirfond	36.493	138.098
Egenkapitalposisjonar	101.580	52.212
Øvrige engasjement	239.360	271.997
Sum kreditt- og motpartsrisiko	3.978.659	4.202.802
Operasjonell risiko	395.062	358.214
CVA-risiko (Motpartsrisiko)	4.638	4.248
<i>Frådrag for :</i>		
Ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	0	0
Gruppevise nedskrivningar	0	0
Kapitaldekningsreserve	0	0
Totalt berekningsgrunnlag	4.378.358	4.565.264

Utvikling i porteføljen fordelt på risikoklasse per 30.06.16

(i heile 1.000 kr):

Risikogruppe	30.06.2016 Volum	%-andel	30.06.2015 Volum	%-andel	Endring i kr. hittil i år
Laveste risiko	3.384.036.202	44,0	3.357.966.573	44,3	26.069.630
Lav	2.490.393.473	32,4	2.006.247.597	26,5	484.145.876
Middels	1.510.339.335	19,6	1.800.576.256	23,8	-290.236.920
Høy	119.215.881	1,5	205.349.895	2,7	-86.134.013
Svært høy	135.116.698	1,8	149.820.609	2,0	-14.703.911
Misligholdt og nedskrevne	58.347.299	0,8	57.204.641	0,8	1.142.658
Sum	7.697.448.889	100,0	7.577.165.569	100,0	120.282.945

Trygd

Engasjement med pant i fast eidegom utgjør den største andelen av dei totale engasjement. Anna trygd som vert nytta er m.a. salspant i lausøyre, varelager og kundekrav. Ved verdivurdering av trygd vert SpareBank 1 Alliansen sine reduksjonsfaktorar i "Objekter og verdigrunnlag" lagt til grunn. Føremålet med denne metodikken er å skape lik standard for verdivurdering av trygd for alle bankane. Det er også med på å auke kvaliteten og treffsikkerheita i verdivurderingane. Panteobjektet vert registrert med omsetnadsverdi/ kjøpesum. Deretter gjennomgår panteobjekta individuell justering av verdier basert på likviditet og pantbarheit, og redusert med ein standard reduksjonsverdi til normal realisasjonsverdi.

3.4 Operasjonell risiko

Styring og kontroll

Operasjonell risiko er ein risikokategori som fangar opp det mest vesentlege av kostnader når det gjeld manglande kvalitet i bankens løpande verksemd. Identifisering, styring og kontroll av operasjonell risiko er ein integrert del av leiaransvaret på alle nivå. Leiarens viktigaste hjelpemiddel i arbeidet er fagleg innsikt og leiingskompetanse og handlingsplanar, kontrollrutinar og gode oppfølgingssystem. Eit systematisk arbeid med risikovurderingar og styringstiltak bidrar til auka kunnskap om og merksemd mot aktuelle forbettringsbehov i eiga eining. Banken ser ikkje tilhøve som gjer at ein ikkje kan nytte basismetoden ved berekning av kapitalbehov for operasjonell risiko.

Grunnlagsdata for berekning av kapitalkrav for operasjonell risiko per 31.12.16

(i heile 1.000 kr):

	2016	2015	2014	Bergningsgr.	Kapitalbehov
Sum netto driftsinntekter	199.642	220.670	211.787	396.062	31.605

3.5 Marknadsrisiko

Styring og kontroll

Marknadsrisiko vert hovudsakleg kontrollert gjennom oppfølging av risikoeksponering i handelsporteføljene med rammer fastsett av styret, og løpande analysar av uteståande posisjonar. Rammene for eksponeringar er nedfelt i overordna dokument Strategi og policy for marknadsrisiko.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre si risikoeksponering mot m.a. renterisiko, valutaeksponering og handel med verdipapir er regulert gjennom eigne retningslinjer. Konsernets generelle eksponering mot marknadsrisiko er moderat. Det vert ikkje berekna kapitalbehov for marknadsrisiko i den regulatoriske kapitaldekningsberekninga.

4. VURDERING AV KAPITALBEHOV (PILAR 2)

4.1 Innleiing

I kapitla nedanfor er det gjort greie for rammeverk og styring av dei risikotypane som ikkje vert dekkja av Pilar 1 – minimumskravet til ansvarleg kapital (kap. 3), og gitt ei nærare skildring av bankens interne vurdering og dei føresetnader som er lagt til grunn ved berekning av kapitalbehovet der det avvik frå dei regulatoriske berekningane.

4.2 Kapitalbehov/-berekningar

Risiko og kapitalbehovsvurderingane for 2016 er gjort med utgangspunkt i Finanstilsynets rundskriv av 12/2016 «Finanstilsynets praksis for vurdering av risiko og kapitalbehov» og med utgangspunkt i rekneskap- og balansetal per 30.06.16. Framtidige estimat baserer seg på bankens vedtekne mål og strategiplan og andre overordna styringsdokumenter som bl.a. retningslinjer for kredittstyring.

4.3 Metodeval for risikovurdering

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har gjennomført vurderingar i sin oppstilling av de forskjellige typar av risiko over tid, og har kome frem til ein samla eksponering som man anser gir eit riktig risikobilde av banken. Som vesentleg bakgrunn for desse betraktningar ligger analyseverktøy Por2 i Alliansen, Kompetansesenter for Kreditt (KfK), som gir innspel til vurderingar som bakgrunn for bankens egne bearbeidingar av risikoane som skal vurderast.

4.4 Kredittrisiko

Kredittrisiko utgjør bankens største risikoområde, og definerast som risiko for tap som følge av at kundar eller motparter ikkje har evne eller vilje til å oppfylle sine forpliktingar overfor banken.

Kredittrisikoen styres gjennom rammeverket for kredittinnvilgelse, engasjementsoppfølging og porteføljestyling. Hovedelementet i rammeverket for kredittinnvilging består av henholdsvis konsernets kredittstrategi, kredittstrategiske rammer, kredittpolitiske retningslinjer og kredittfullmaktsreglement.

Banken skal ha ein moderat risikoprofil der ingen enkelthendingar skal kunne skade bankens finansielle stilling i alvorleg grad. Strategi- og policy for styring av kredittrisiko og bevilgningsreglement fastsettast minimum årleg av styret. Policyen for kredittstyring fokuserer på risikosensitive måltal og rammer, som er satt saman slik at dei på ein mest mulig hensiktsmessig og effektiv måte styrer bankens risiko på kredittområdet. Dette gjerast i første rekke ved å knytte måltal og rammer opp til vekst og markedsutvikling. I tillegg setter kredittstyringa begrensningar knytt til eksponering og risikoprofil herunder marknadsfordeling og klassifisering av kundar.

Styret er ansvarleg for bankens låne- og kredittinnvilgelsar. Styret delegerer fullmakt til administrerande direktør som har det operasjonelle ansvaret for beslutningar i låne- og kredittsaker. Administrerande direktør har innanfor sine fullmakter videredelegert til kredittutval og enkeltpersoner som har personlege fullmakter etter bevilgningsreglement. Deidelegerte fullmaktene er knytt opp mot engasjementets størrelse fordelt på markedsområdene personmarked og bedriftsmarked.

I beregningene av risikojustert kapital for kredittområdet er alle vesentlige porteføljer tatt med (porteføljer BM og PM, og poster utanom balansen som garantier, utrukne kreditter mv). Kredittrisikoen er kapitalbehovsvurdert med utgangspunkt i SpareBank 1 Alliansens modell (Por2). Risikomodellene som ligger til grunn for risikostyringssystemene tar utgangspunkt i statistiske beregningar, og er under kontinuerlig vidareutvikling og testing. Modellen bygger på tre sentrale komponenter; misligholdssannsynlighet (PD), tap gitt misleghald (LGD) og eksponering ved misleghald (EAD).

Konsentrasjonsrisiko definerast som risiko for tap som følge av konsentrasjon om store enkeltkunder, enkelte bransjar og geografiske områder.

Basis er Rundskriv 12/2016 Vedlegg 2

Kapitaltillegg for konsentrasjonsrisiko
 Konsentrasjon mot enkeltkunder (bedriftsmarknaden)
 Konsentrasjon mot enkeltnæringar
 Konsentrasjon geografi

Kapitaltillegg for andre risikoar knytt til kredittporteføljen
 Avvikande høg utlånsvekst
 Avvikande porteføljekvalitet i BM
 Underestimering av kredittrisiko for ubenyttede kreditttrammer med null prosent konverteringsfaktor

Kredittrisiko oppsummert:

ICAAP	KAPITALBEHOV KONSOLIDISERT 2016; 30.06.16	KAPITALBEHOV MOR 2016; 30.06.16
Risikogrupper		
Kredittrisiko	155.714.959	155.714.959
Tilleggsavsetning Pilar I- nivå	186.220.041	185.089.041
Sum Kredittrisiko - standardmetode Pilar I	341.935.000	340.804.000
Andre kapitalkrav knytt til kredittrisiko:		
Konsentrasjonsrisiko - enkeltnæringar	5.006.670	5.892.370
Konsentrasjonsrisiko - enkeltkunder	41.660.115	44.521.748
Andre krav: - avvikende høg utlånsvekst	0	0
Andre krav: - avvikende porteføljekvalitet	8.994.255	9.326.720
Andre krav: - underestimering ubenyttede kreditttrammer	0	0
Diversifiseringseffekt	0	0
Sum kredittrisiko	397.596.040	400.544.838

4.5 Marknadsrisiko

Marknadsrisiko oppstår i hovudsakeleg frå bankens investeringar i obligasjonar, sertifikat og aksjar, samt avtaler på renteinstrument/swapavtaler som følge av aktiviteter som utføres for å understøtte bankdriften. Risikoområdet deles i rente-, eigendomspris-, valuta-, aksjekurs – og spreadrisiko. Eventuelt skal det også inkluderast CVA som ikkje er med i Pilar 1. I berekinga av marknadsrisiko har vi brukt Vedlegg 3 i Finanstilsynets rundskriv 9/2015-12/2016.

Banken har opparbeida rutinar for periodisk å kontrollere og følge opp regelverk og etterleving av marknadsrisiko.

4.5.1 Aksjerisiko

Banken har ikkje beholdning av aksjar/aksjefond med potensiell kursrisiko.

Vi har eit skille mellom plasseringar av strategisk art og andre formål.

- Datterselskap og strategisk plassert er selskap i Alliansse-samarbeidet som leverer tjenester/produkt for Alliansen eller fyller fellesformål. Disse selskapa blir hensyntatt under eigarrisiko.
- Andre aksjar med andre formål er aksjeposter i bl.a. tidlegare produktselskap og mindre lokale selskap.
- Banken ikkje har aksjar med spekulasjon som formål
- Banken har ingen investeringar i aksjar/aksjefond for handelsformål.

4.5.2 Egedomsrisiko

Bankens eksponering på eigendom er vurdert med eit stressfaktor på 30 % ihht. Vedlegg 2.

Bokført verdi på eigedommar i morbanken er 47,6 mnok. Morbankens eksponering på dotterselskap er teke hensyn til under eigarrisiko.

I bankkonsernet tilkommer det 190 mnok, og total balanseført verdi i konsernet er på 237,6 mnok per 31.12.2014.

4.5.3 Renterisiko

Renterisiko i balansen er vurdert med 2 prosent poengs endring i renten. Renterisiko bereknes tilnærmet på alle balanseposter på restløpetider til forfall eller til tidspunkt for rentekorrigering.

Obligasjonsbeholdning består i all hovudsak av obligasjonar i OMF-foretak, SpareBank 1 Boligkreditt og andre banker som vi anser som relativt sikre. Portefølje med fastrenteutlån er terminsikra for å eliminere renterisikoen.

4.5.4 Spreadrisiko

Banken har en beholdning av obligasjonar som klassifiserast som hold-to-call. Plasseringane er gjort i statsobligasjonar, OMF og en del vanlege bankobligasjonar.

Vi hadde også per 30.06.2016 plassert kortsiktig overskotslikviditet i obligasjonsfond. Ein del av denne plasseringa var i Fond for statspapir og OMF-obligasjonsfond som er deponerbare i Norges Bank. Spreadrisiko knytt til obligasjonen i likviditetssporteføljen er etter tabell 2 i vedlegget til rundskriv 12/2016 angitt som samanheng mellom rating og antatt spread endring.

4.5.5 Valutarisiko

Bankens eksponering mot eventuell valutarisiko er vurdert. Banken har for tida ingen nevneverdig eksponering i valuta, og det forventast heller ingen vesentleg eksponering i den næraste framtid. Eit fall på 10 % valutakurser er beregna på bankens behaldning av Euro i minibanker per 30.06.16.

4.6 Operasjonell risiko

Kapital for operasjonell risiko inngår i konsernets prosess for vurdering av økonomisk kapital etter pilar 2. Kapitalbehovet er rekna med utgangspunkt i basismetoden. I tillegg vurderer banken behovet for buffer knytte til kvaliteten på styring og kontroll, men det er ikkje gjort avsetjing utover kapitalbehovet etter basismetoden.

4.7 Risiko for overdreven gjeldsoppbygging

Banken har hatt en nedadgående andel på fremmedfinansiering og den er på ca. 20 % per 30.06.2016 mot 27 % i 2014. Andel av fremmedfinansiering og innskot er rimeleg stabil på knapt 87 % i dei seinare år.

Normalt er der ei balanseoppbygging rundt halvårsskiftet og det antas at forvaltningskapitalen ved nyttår vil være godt under størrelsen på forrige årsskifte. I tillegg får vi tillagt kjernekapitalen årets resultat.

4.8 Risiko knytt til pensjonsforpliktingar

Banken har pensjonsordning for sine tilsette. I 2006 hadde vi første lukking av den ytelsesbaserte ordninga der om lag halvparten av tilsette gjekk over til innskotsbasert ordning, og frå utgangen av 2014 er alle tilsette på innskotsbasert ordning. Alle nye medarbeidare som kom til etter første lukking har gått inn på den innskotsbaserte ordninga.

Ordninga blir aktuarberekna en gang i året og har ein rimeleg stabil pensjonsforpliktelse. Med bakgrunn i dette er det ikkje beregnet kapitalbehov for risiko på pensjonsforpliktelse.

4.9 Systemrisiko

Systemrisiko er aktuell problemstilling i dagens økonomi. Det kan være flere grunner til å sjå på desse. Oljeprisfallet har påverka oljenæringa og andre deler av fastlandsøkonomien som leverer til desse.

Så langt ser vi at det er relativt stort reduksjon i nokre oljerelaterte næringar, mens andre typar næringar held oppe aktivitetsnivået. Vi ser også at konsekvensane foreløpig er begrensa på norsk økonomi, også fordi annan industri går bra og at andre deler av økonomien kan ta opp ledig arbeidskraft. Aktiviteten i vårt område er bra og arbeidsledigheten er omtrent som for landet for øvrig og viser ingen dystre utsikter.

Et anna område det er stor frykt for er priser på bustadmarknaden. Prisene stiger jamnt og publikums gjeldsgrad er aukande. Spesielt ser vi dette i Oslo og sentrale strok på Østlandet.

I vårt område har vi heller ikkje hatt den store veksten i pris slik andre meir sentrale strøk har hatt. Siden det er et variert og godt næringsliv i vår marknadsområde, er vi heller ikkje så utsett for negative utslag som andre.

Finansmarknaden fungerer godt og både nasjonalt og internasjonalt foregår en tilpassing til strengare regelverk både når det gjelder kapital og motpartsproblematikk (eks ved EMIR). Det låge rentenivået bidrar til generelt låg avkastning på plasseringar og dette driv prisane på fleire aktivklasser opp. En rask oppgang i rentenivå kan bidra til et «sjokk» i marknaden, men synes mindre sannsynleg sidan alle nasjonalbanker snakker om kanskje enda lågare rente på kortare sikt og låg rente på lang sikt. Med bakgrunn i dette er det ikkje berekna kapitalbehov for risiko for overdreven systemrisiko.

4.10 Likviditets-/finansieringsrisiko (llaap)

Likviditetsrisiko antas å kunne oppstå som følge av ein eller fleire hendingar som medfører problem for banken å refinansiere balansen. Banken handsamar problemstillingar knytt til dette risikoområdet i Strategi og policy for likviditetsstyring. Eit hovedmål er at vi skal kunne handtere situasjonen med kapitaltørke og normal utlånsvekst i en 12 måneders periode.

Banken legger vekt på fastsettelse av rammer for likviditetsområdet som sikrar låv likviditetsrisiko.

Banken har noe konsentrasjonsrisiko på innskotssida, der de 10 største kundar utgjør 746 mill. kroner og 13,4 %, av dette er det meste bunden i minimum 1 måned. I ein situasjon der deler av denne innskotsmassen tas ut og banken må refinansiere i marknaden kan det påløpe ein ekstrakostnad.

I LCR stresses store innskot utan binding med en uttaksfaktor på hhv 20 % og 40 %. Om vi legger denne til grunn tilsvarer dette et innskotsbortfall på knapt 18 mill. kroner. Avhengig av likviditetssituasjonen for øvrig vil banken måtte finansiere heile eller deler av dette i marknaden. Denne innskotsmassen har en kostnad som er lågare enn marknadsfinansiering som for oss er på 3 måneders Nibor + 100 basispunkter. Teoretisk sette ville dette scenarioet påført banken ein meirkostnad.

Dersom en situasjon hadde oppstått ville banken benyttet ulike finansieringskilder som f.eks. sal av lån til SpareBank 1 Boligkreditt, noe som reduserer meirkostnaden og risikoen.

Med bakgrunn i ovennevnte er det ikkje fastsatt Pilar-2 tillegg for likviditetsrisiko.

4.11 Forretningsrisiko

